

**Saksframlegg**

| Utval                    | Utvalsaknr. | Møtedato   |
|--------------------------|-------------|------------|
| Høgskulestyret 2019/2023 | 69/20       | 10.09.2020 |

**NAMN OG STATUS MEDIEBYGGET****Framlegg til vedtak**

Styret vedtek at namnet på det nye mediehuset skal vere Sivert Aarflot-huset

## Vedlegg

Komplett grunngjeving namn mediebygget

**Bakgrunn**

Namn på husa på høgskuleområdet har alltid vore ei avgjerd i styret. Det er no tid for å namngje det nye flotte mediehuset vårt. I tillegg får styret i denne saka ei status på mediebyggprosjektet.

**Namn mediebygget**

Høgskulen har tradisjon for å kalle opp husa våre etter lokale pionerar frå folkeopplysningstida. I dag har vi Berte Kanutte-huset, Hans Strøm-huset, Henrik Kaarstad-huset, Synnøve Riste-huset og Ivar Aasen-huset. Ivar Aasen-huset skal vi flytte ut av, og huset skal truleg rivast. Kommunen som eig huset har sagt at dei ikkje vil gjere hevd på namnet, då det er høgskulen som namngav det i si tid. Spørsmålet er om ein skal leggje vekt på tradisjon eller om det no er tid for å tenke annleis?

Det blei invitert til ei opa innspelsrunde blant studentar og tilsette, og det kom inn heile 27 forslag på namn. Av desse valde avdelingsrådet på AMF og ei gruppe beståande av dekanane og rektoratet ut kvar sine favorittar, og 5 namneforslag blei sendt på høyring i heile organisasjonen. Desse 5 er lista i alfabetisk rekkjefølgje nedanfor, med utdrag frå grunngjevinga til forslagsstillar. Nokre har fleire forslagsstillarar, då er berre ei grunngjeving tatt med her. Dei fullstendige grunngjevingane ligg ved som vedlegg om styret ønskjer meir informasjon:

### 1. Ivar Aasen-huset

«Etter alle solemerke vil Volda kommune rive det gamle Ivar Aasen-huset, og dermed er namnet ledig slik at det nye mediebygget bere namnet vidare. I AMF si historiebok, Mot alle vindar, skriv Bjarne Alme om opprettinga av ei nasjonal medielinje i Volda der ei sterk knyting til språk- og norskmiljøet var eit sentralt mål. Medieutdanninga i Volda skulle knytast til skriftradisjonen i Volda, og namnet har vore med på å bere denne tradisjonen i 50 år – frå 1971 til opninga av det nye mediebygg»

### 2. Olga Meyer-huset

«Frå Allkunne.no: Meyer var fødd i Fana 8. august 1930 og døydd 27. august 2018. Etter nokre år som lærar og til sjøs tok ho eksamen ved Volda lærarskule i 1967. Ho var på ny lærar eit par år, før ho i 1969 blei programmedarbeidar i NRK Radio. Der arbeidde ho i samfunnsavdelinga 1969–93 og i Oslo-redaksjonen i P1 1993–2000. Ho arbeidde mellom anna i programmet Sånn er livet. Ho var leiar i Mediemållaget 1992–94 og har vore ein usliteleg deltakar i målpolitisk arbeid. Meyer fekk Kringkastingsprisen i 1981 og blei heidersmedlem i Noregs Mållag i 2000.»

### 3. Sivert Aarflot-huset

«Sivert Aarflot var ein pioner for opplysning gjennom medieverksemd. Han var bonden frå Ørsta som vart lærar og deretter lensmann i Volda, og han skipa den første folkeboksamlinga, det første prenteverket og den første avisa på landsbygda i Noreg. Innsatsen hans var i stor grad med på å legge grunnen for Volda som skulestad. Han var den lokale representanten som førte vidare og rotfesta opplysningsarbeidet frå embetsmenn som soknepresten Hans Strøm.»

### 4. Spegelen

«Det viser til at medier reflekterer ulike hendelser både i fortiden og samtiden, og at valg av ulike virkemidler påvirker hvordan budskapet sendes (reflekteres) vidare til mottakerne.»

### 5. Vinje-huset

«Eit mediebygg bør bli oppkalla etter nokon som har tydd mykje for utviklinga av journalistikken i landet. Bygget bør difor bli oppkalla etter Aasmund O. Vinje fordi han var ein føregangsmann innanfor journalistikk, svært sentral i utviklinga av nynorsk (landsmål) som bruksspråk og ein som kjempa for yringsfridomen. Vinje står for ideal som er særdeles viktige for vår tid.»

I høyringa kom det inn to høyringsfråsegner, begge peika på Sivert Aarflot-huset som det beste namnet.

Etter høyringa bad direktør avdelingsråd ved AMF og dekan/rektorat-gruppa om deira innstilling til namn, basert på dei innspela som nå låg føre. Avdelingsrådet ved AMF melde tilbake at fleirtalet av dei tilsette ønska Sivert Aarflot-huset som namn. Like eins har dekan/rektorat-gruppa peika på Sivert Aarflot-huset som deira føretrekte namn.

### Vurdering

Med bakgrunn i innspela innstiller direktør på at Sivert Aarflot-huset vert det nye namnet. Bygget får på den måten eit namn som harmonerer med namnetradisjonane på høgskulen,

samstundes som ein gjer ære på ein lokal og nasjonal pioner innan medieproduksjon. Som ei av forslagsstillarane skriv i si grunngjeving: «Med namnet Sivert Aarflot-huset på det nye mediehuset vil Høgskulen i Volda forankre verksemda i lokal identitet og kultur, og løfte fram tydinga av medieproduksjon og opplysningsarbeid i ulike tider og samfunn, - lokalt og globalt.

### **Status mediebyggprosjektet**

Byggeprosjektet er pt 12 dagar forsinka - det same som blei rapportert i vår. Dette skuldast koronasituasjonen og forseinkingar i VCA-prosjektet som verkar inn på vårt byggeprosjekt. Planen var å forsere noko i løpet av sommaren, men dette har ein ikkje fått til grunna korona og kapasitetsutfordringar hos underleverandørar. Ein har ikkje tru på at det vil vere mogleg å hente inn igjen dette på seinare tidspunkt, og dato for overtaking er derfor flytta frå 24.05.21 til 09.06.21.

HVO vurderer at dette skal gå greitt, men det er kritisk at det ikkje blir ytterlegare forskyvingar, då vi treng tida før sommaren til å flytte inn og gjere alt klart til semesterstart. Tida framover der mykje innvendig arbeid står att er likevel enklare å planlegge for entreprenør enn grunnarbeidet, og vi har god tru på overtaking 09.06.2021. Saman med Statsbygg og entreprenør vil vi leggje ein detaljert plan for overtaking, og HVO vil få tilgang til bygget før overtaking for å få integrerte installasjonar og teknisk utstyr på plass.

Prosjektet har god kontroll på økonomien. Sidan anbudet var ei totalentreprise med kostnadstak og vi allereie har underteikna husleigekontrakta med Statsbygg, ligg risikoen for kostnadssprekk for sjølvbyggprosjektet ikkje hos HVO. HVO må likevel ta kostnaden for tilleggsbestillingar, og desse blir vurdert og godkjend i styringsgruppa. I hovudsak er det mindre tillegg som vi ser vi bør ha og som blir dyrare å ta på eit seinare tidspunkt, til dømes teknisk klargjering for brus og kaffeautomat. Det er godkjent ei stor tilleggsbestilling som gjeld utrustning av det såkalla moglegheitsrommet på om lag 0,5 MNOK. Denne er innarbeidd i husleigekontrakta.

Når det gjeld inventar og teknisk utstyr til om lag 30 MNOK som HVO må finansiere sjølv, er det stor usikkerheit knyta til å om det vil kome ei ekstra løyving over statsbudsjettet 2021. Med koronasituasjonen vil vi ikkje verte overraska om det er andre tiltak som blir prioritert. Dersom vi ikkje får midlar må vi gjere følgjande:

- Revurdere innkjøpa og sjå om vi kan kutte kostnadar
- Ta Strøm-ombygginga over Statsbygg si husleigeordninga, slik at den samla investeringa ikkje blir for høg (anslått 25 MNOK for Strøm)
- Oppjustere investeringsbudsjettet ved enten å
  - o Ta frå avsetningane som styret eventuelt dreg inn ved årsskiftet 2020/2021
  - o Ta frå budsjetttramma før neddeling til avdelingane/Fellesadministrasjonen
- Nedprioritere andre investeringar på HVO

Møbleringsplan og bygg/brukarutstyrsmatrisen er ferdig utarbeida, og for å sikre framdrifta er vi no i gang med å utarbeide konkurransegrunnlaget for møblar og teknisk utstyr. Anbudet vil bli lyst ut med opsjonar slik at innkjøpet kan skalerast, jamfør den økonomiske situasjonen.

Arbeidet med utsmykking i samarbeid med KORO («Kunst i offentlig rom»), som har ansvar for utsmykking av offentlege bygg, er godt i gang. Planen er at mediehuset skal få ein medievegg som syner digital kunst. 2. oktober er det planlagt grunnsteinsnedlegging, og truleg blir det Noregs første digitale grunnstein.

Elles har HVO bytta vår interne prosjektleiar for mediebyggprosjektet. Niels Andreassen som hadde ansvaret har slutta på HVO, og driftssjef Øystein Mårstøl har tatt over. Øystein har lang erfaring frå tilsvarande prosjekt og det er positivt at Drift i denne fasa er tett på prosjektet slik at vi er godt kjend med huset når vi overtar drifta saman med Statsbygg. Det vart tid til overlapp før Niels slutta, og overgangen til ny prosjektleiar har gått fint.

### **Vurdering**

Alt i alt er det direktør si vurdering av prosjektet har god kontroll på framdrift, kostnader og kvalitet. Statsbygg sin prosjektleiar er dyktig, brukargruppa til høgskulen gjer eit godt arbeid og samarbeidet mellom Statsbygg, høgskulen og entreprenør fungerer bra. Den neste store milepålen vil vere anbod på møblar og teknisk utstyr.